

Fra: Geir Sæther[geirs@islandoffshore.com]

Sendt: 16.08.2018 10:28:42

Til: Postmottak Hareid; bjornar@sporstol.no

Kopi: Kirsten Valseth

Tittel: Merknad til 2.gongs offentlig ettersyn - Detaljregulering for Hareidsmyrane Nord 2.

Hei

Som eigarar av 1517-46/79 har vi følgande merknader til Reguleringsplan for Hareidsmyrane Nord 2 (2.gongs offentlig ettersyn) :

1. I og med at vi får denne rundkøyinga rett foran vår eigedom så er vi svært bekymra for støynivå denne vil påføre oss.
Vi vil verte eksponert for oppbremsing og akselerering inn og ut av rundkøyinga, som vi omtalte i vår epost 13.06.17 punkt 2. Viser også til at Fylkesmannen i brev av 16.01.18 ber om at kommuna legg fram dokumentasjon på at det er gjennomført ei oppdatert støyfagleg kartlegging relatert til den nye reguleringsplanen.
Hareid kommune viser i tilsvar til dette (P0 Planomtale punkt 9: Inkomne innspel) til ei støyvurdering gjort av Kilde Akustikk hausten 2007. Vi meiner at det vert feil å vise til ein 12 år gammal rapport – trafikken i området har auka betrakteleg på desse 12 åra, og støyvurderingane / berekningane må gjennspeile det. Stemmer anslaget som er nevnt i rapporten punkt 3 Forutsetninger og Metode ?Industri / handelsverksemd tiltenkt i industriområdet sør for riksvegen vil og føre til auke i støyplager for vår eigedom. Ber derfor at ny støyvurdering vert gjennomført.
2. Ønsker ei orientering om kva type støyvern som er tenkt mot eigedomane nord for riksvegen – er det snakk om støyvollar eller støyveggar ? Er det laga skisser som visualiserer tenkt løysing ? Ønsker i so fall å få tilsendt dette.

Vennligst bekreft mottak og registrering av denne mailen.

Best regards,

Geir Sæther

Grova 8

6060 Hareid

Mobile: +47 419 27 718

E-mail: geirs@islandoffshore.com

-

-

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MOLDE

Vår dato: 14.08.2018
Vår ref.: 201701217-8
Arkiv: 323
Dykkar dato: 28.06.2018
Dykkar ref.: 2016/1601

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

NVE fremjar motsegn til 2. gongs offentleg ettersyn av detaljplan Hareidsmyrane Nord 2 - Hareid kommune

Vi viser til brev frå Hareid kommune datert 28.06.2018. Saka gjeld 2. gongs offentleg ettersyn av framlegg til detaljreguleringsplan for Hareidsmyrane Nord 2. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for kombinert føremål som opnar for detaljhandel i tillegg til kontor, industri og lager. I tillegg er det gjort endringar knytt til utbygging og tilpassing av infrastruktur i samband med offentlege føremål, idrettsføremål og industri/handelsområde.

NVE har motsegn (jf. PBL § 5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er manglande vurdering av fare for flaum og erosjon i plandokumenta, mangelfull vurdering av potensiale for ustabile grunnforhold og manglande omsyn til vassdragsmiljø. Dersom det vert gjort vurderingar av fare for flaum/erosjon og grunnforhold, og omsyn til vassdrag vert vurdert og innarbeida i plandokumenta i samsvar med våre råd, fell grunnlaget for motsegna bort.

I NVE sin merknad til offentleg ettersyn av planframlegget datert 04.01.2018 hadde vi merknader til planframlegget og ga råd om korleis desse skulle svarast ut. I nytt framlegg til plan meiner vi at merknadane i liten grad er teke omsyn til, og vi finn difor grunnlag for å fremje motsegn til planen.

Planområdet er utvida sidan førre planframlegg, og omfattar tiltak i Holstadelva. Vassdraget skal etter planen leggest om, og er vist med arealføremålet «Andre kommunaltekniske anlegg» der det er sett krav til plastring og andre tiltak. Slik vi les planen er flaum- og erosjonstilhøva ikkje vurdert konkret for planområdet, men sett i samanheng med vurderingane som er gjort for reguleringsplan for byggefelt Holstad nord for planområdet. NVE meiner det må gjerast konkrete vurderingar av flaum- og erosjonstilhøva i planområdet. Planen må sikre at bekken har kapasitet for flaumar med gjentaksintervall på 1/200, jf. Byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-2. Flaumkapasitet må vurderast for planområdet, og vurdere det faktum at myrområde vert bygd ut og erstatta med harde flater. NVE rår også til at flaumkapasiteten tek høgde for framtidige klimaendringar, og viser til [«Klimaprofil for Møre og Romsdal»](#) som gir føringar for kva verknader som kan forventast. Eventuell flaumfare må visast i plankartet som omsynssone Fareområde flaum, jf. PBL § 12-6, og ha føresegnar som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad. **NVE har motsegn til planen inntil flaum- og erosjonstilhøva er vurdert konkret for planområdet og eventuelle tiltak er innarbeidd i plankart og føresegnar.**

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVE hadde merknad til manglande vurdering av potensiale for ustabile grunnforhold i plansaka, og kommunen har valt å setje krav i føresegnene § 2.11 om avklaring av grunnforholda i dei einskilde byggesakene. Det er omtala i plandokumenta at det ikkje er erfart utfordringar med grunnforholda i området tidlegare, men det ligg ikkje føre noko dokumentasjon.

NGU sitt lausmassekart viser marine strandavsetningar i området, som gir potensiale for ustabile grunnforhold. NVE meiner at potensiale for ustabil grunn ikkje er tilstrekkeleg vurdert og dokumentert. Forholda skal avklarast på siste plannivå og ikkje utsetjast til byggesaksnivå. Vi viser til prosedyre i kap. 4.5 i NVE rettleiar 7/2014 [«Sikkerhet mot kvikkleireskred»](#). **NVE har motsegn til planen inntil potensialet for ustabil grunn er nærare avklara.**

Til førre planframlegg hadde vi merknader til korleis omsynet til bekken som renn gjennom planområdet vart tatt omsyn til i plandokumenta. I nytt planframlegg er planområdet utvida, og bekken skal etter planen leggest om som open kanal. I plankartet er det nytta arealføremålet «Andre kommunaltekniske anlegg» med linjesymbol «Strandlinje vassdrag» langs delar av arealføremålet. Slik framstilling av vassdrag er i strid med NVE sine råd om at vassdrag skal regulerast med «Bruk og vern av sjø og vassdrag», jf. PBL §12-5 nr 6. Vi kan heller ikkje sjå at det er gjort vurderingar av inngrepa i vassdraget i høve til Vassressurslova (VRL) § 5 eller sett krav til kantvegetasjon i samsvar med VRL § 11. **NVE har motsegn til planen inntil tiltak i vassdraget er vurdert etter VRL og tilfredstillande vilkår innarbeida i planen.**

Med helsing

Svein Arne Vågane
fung. regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Hareid kommune

Fra: Per Dimmen[per.dimmen@ulstein.kommune.no]
Sendt: 16.08.2018 13:55:42
Til: Postmottak Hareid
Kopi: torhildbrekke@hotmail.com
Tittel: Detaljregulering for Hareidsmyrane Nord 2

Hei!

Viser til tilsendte brev den 28.06.2018.

Detaljreguleringa er grei, men vi vil presisere at vi må få tilkomst til vår eigedom 41/ 111 i Hareidsmyrane. Då meiner vi avkøyring for traktor så vi kjem oss til eigedomen for å m.a. sage og ta ut ved. Håper dette let seg gjere!

Venleg helsing

Per Dimmen Prosjektleder Ulstein Eigedomsselskap KF
UEKF



ULSTEIN KOMMUNE

Tlf 70017500 | Dir 70017565 | Mob 91831190

postmottak@ulstein.kommune.no

www.ulstein.kommune.no



Statens vegvesen



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Silja Øvrelid

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Silje Skaro / 70175053

Vår referanse:
17/27505-16


Dykkar referanse:

Vår dato:
16.08.2018

Fv. 61 i Hareid kommune – uttale til 2. gongs offentlig ettersyn – reguleringsplan for Hareidsmyrane Nord 2

Vi viser til brev frå dykk av 28.06.18 som gjeld 2. gongs offentlig ettersyn av reguleringsplan for Hareidsmyrane nord.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statelege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.



Planforslag datert 30.04.18 vedlagt søknad

Saka gjeld

Vi viser til vår uttale av 08.01.2018. Planområdet er utvida i forhold til planområdet ved 1. gongs offentlig ettersyn, mellom anna er det regulert fotballhall, og det er teke med eit større areal mot vest og nord.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringar for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Våre merknadar

Merknadane våre til 1. gongs offentleg ettersyn er i hovudsak ivareteke. Rundkøyning og undergang er regulert med betre utforming og i tråd med gjeldande krav, og det er stilt rekkefølgjekrav i føresegnene.

Merknadar til endringar ved 2. gongs offentleg ettersyn:

Arealføremål

Det er av plankartet nokre stader vanskeleg å sjå tekst (o_SKV1 osv.) på dei ulike vegane og gang- og sykkelvegane som det er vist til i rekkefølgjekrava i føresegnene pkt. 7.2. På plankartet til 1. gongs offentleg ettersyn var til dømes rundkøyninga merka o_SKV2, men på plankartet til 2. gongs offentleg ettersyn er o_SKV2 vist på vegen mot vest mellom BKB2 og BKB3. Slik vi skjønar av korrespondanse med Hareid kommune omfattar o_SKV1 no både rundkøyning/fylkesveg og tilkomstveg frå rundkøyninga sørover i planområdet, men dette kjem ikkje tydeleg fram av planen. Heller ikkje føremålstekst/feltnamn på gang- og sykkelvegen under fylkesvegen kjem tydeleg fram av plankartet.

Når rekkefølgjekrava er sett opp i tabells form som er direkte knytt opp mot dei ulike føremåla i planen er det særskilt viktig at teksten kjem tydeleg fram av plankartet. Før planen kan godkjennast må den påførest tydeleg føremålstekst/feltnamn som ikkje gjev rom for tolking av rekkefølgjekrava i pkt. 7.2 i føresegnene. Det er særskilt viktig at rekkefølgjekrav knytt til opparbeiding av rundkøyning og planskilt kryssing av fylkesvegen kjem tydeleg fram av plankart og føresegner, og er i tråd med første avsnitt innleiingsvis under pkt. 7.2:

«Omlegging og bygging av ny rundkøyning og busslommer i o_SKV1, Gang- og sykkelveg o_SGS1, o_SGS2, o_SGS3, o_SGS7 o_SGG1 og o_SGG2 med tilhøyrande/tilgrensande annan veggrunn o_SVT og grønt struktur o_GF2 til o_GF6 skal være opparbeidd før det kan gjevast mellombels bruksløyve for nye tiltak i områda BKB1, BKB2 og BKB3.»

Gang- og sykkelveg f_SGS12

Lengst mot vest er eksisterande avkøyrsløse frå fylkesvegen regulert bort, og erstatta med køyreatkomst frå aust via o_SKV2/f_SKV9, noko som er ei god løysing. Det må stillast rekkefølgjekrav om sanering av eksisterande avkøyrsløse frå fylkesvegen så snart tilkomst frå aust er opparbeidd.

Det er regulert gang- og sykkelveg, f_SGS12, der det i dag er atkomstveg frå fylkesvegen. f_SGS12 endar i fylkesvegen utan nokon trafikal løysing vidare. Dette vil kunne medføre at mjuke trafikantar som nyttar f_SGS12 kryssar fylkesvegen over til gang- og sykkelvegen på nordsida utan at det er lagt til rette for trygg kryssing. Vi vil difor rå til at f_SGS12 i staden vert regulert til friområde o_GF3. Mjuke trafikantar vil i staden då nytte o_SGS2 som leier mot planskilt kryssing.

Reklametiltak/skilt

Vi viser til merknad i vår uttale av 08.01.18. Reklametiltak (skilt) langs fylkesvegen skal behandlast etter §33 i Veglova. Føresegnene pkt. 2.8 må justerast i tråd med dette.

Grad av utnytting BYA

Vi registrerer at grad av utnytting for område BKB1 til BKB5 er auka frå BYA60% til BYA90%. Dette er svært høg utnytting, og vi stiller spørsmål til om at det i det heile tatt er mogleg, tatt i betraktning byggegrenser, avstand til nabo mm.

Parkering

Vi kan ikkje sjå behovet for presiseringa i avsnitt 2 under pkt. 2.10 i føresegnene. Garasje/carport innanfor BFS og BKS må plasserast innanfor regulert byggegrense.

Støy

Vi viser til føresegnene pkt. 4.1 siste avsnitt der det står: « Det er rekkefølgjekrav med omsyn til støy i høve etablering av nye vegar og rundkøyring i o_SKV1». Vi kan ikkje sjå at dette er teke med som rekkefølgjekrav under §7. Krav om dette må takast inn i føresegnene. Støytiltak må utførast i tråd med støyrapport.

Vedlagt støyrapport er datert 2007 med framskrive trafikktall fram til 2017. Det bør utarbeidast ein ny støyrapport der trafikktala er framskrive 20 år fram i tid.

Konklusjon

Vi viser til merknadane våre ovanfor.

Før planen kan godkjennast må den påførast tydeleg føremålstekst/feltnamn som ikkje gjev rom for tolking av rekkefølgjekrava i pkt. 7.2 i føresegnene. Spesielt gjeld dette rundkøyringa samt undergangen under fylkesvegen, der det er stilt rekkefølgjekrav om opparbeiding.

Vi ber om å få tilsendt vedtak i saka.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
Seksjonssjef

Silje Skaro

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/1601	28.06.2018	79257/2018/REGULERINGSPLAN/1517	Synnøve Valle, 71 28 02 39	16.08.2018

Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Hareidsmyrane nord 2 - fråsegn ved offentleg ettersyn (andre gong) – trekking av motsegn

Saka gjeld motsegn knytt til etablering av detaljhandel utanfor Hareid sentrum. Vi viser til brev av 19.01.2018 der vi fremma motsegn på grunn av manglande utgreiing av korleis denne detaljhandelen vil verke inn på Hareid sentrum.

I den reviderte planomtalen er konsekvensane av etablering av detaljhandel på Hareidsmyrane utgreidd. Dette er mellom anna grunngitt i handelsanalyse for Møre og Romsdal.

Konklusjon

På bakgrunn av dette trekkjer vi hermed motsegna.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

2. gongs offentlig ettersyn

Hareid kommune

Detaljregulering Hareidsmyrane nord 2 - Motsegn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn

Reguleringsframlegg for Hareidsmyrane Nord 2 er lagt fram til offentlig ettersyn andre gong. Planframlegget legg til rette for kombinert føremål som opnar for detaljhandel i tillegg til kontor, industri og lager, samt endringar knytt til utbygging og tilpassing av infrastruktur i samband med offentlig føremål, idrettsføremål og industri/handelsområde.

Fylkesmannen viser til forsøk med samordning av statlege motsegner som starta opp i vårt fylke 01.04.2015. Forsøket er avslutta og blitt ei permanent ordning frå 01.01.2018. Denne fråsegna er såleis med i ordninga der vi fremmer motsegn på vegne av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). I tillegg har også Fylkesmannen motsegn til planen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremmer vi motsegn til planen på følgjande punkt:

NVE:

- Manglande vurdering av fare for flaum og erosjon i plandokumenta, mangelfull vurdering av potensiale for ustabile grunnforhold og manglande omsyn til vassdragsmiljø.

Dersom det vert gjort vurderingar av fare for flaum/erosjon og grunnforhold, og omsyn til vassdrag vert vurdert og innarbeida i plandokumenta i samsvar med våre råd, fell grunnlaget for motsegna bort.

Fylkesmannen:

- Manglande ny og oppdatert støyfagleg vurdering.

Dersom støyrapporten viser at støyfølsam bustad ligg innanfor gul støyzone, skal føresegn og plankart vise nødvendige tiltak for å få støysituasjonen innanfor regelverket.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader og nærare grunngjeving for motsegna:**Samfunnstryggleik/klimatilpassing**

Vi viser til vår førre fråsegn der vi påpeiker at ustabil grunn og flaumfare ikkje er tilstrekkeleg avklart på reguleringsplannivå. Vi kan ikkje sjå at den oppdaterte planen tek omsyn til desse merknadane. Vi ser at NVE til andre gongs offentleg ettersyn fremjar motsegn som mellom anna omhandlar ustabil grunn og flaumfare, og Fylkesmannen støtter denne motsegna.

Forureining/støy

Vi viser til vår fråsegn ved første gongs offentleg ettersyn 16.01.2018. Vi etterlyste der støyfagleg utgreiing der støytilhøva for gjeldande planområde var kartlagt. Det vart ikkje fremma motsegn, men vi forventar at nødvendig dokumentasjon og endring av kart og føresegner vart gjennomført. Støyrapporten som var vedlagt 2. gongs offentleg ettersyn er frå 2007 med framskrive trafikktiltal til 2017. Dette er ikkje tilstrekkeleg. Det må ligge føre ny og oppdatert støyrapport med vidare framskriving av trafikktiltal, og denne skal ligge til grunn for eventuelle naudsynte støyreducerande tiltak.

I vår fråsegn ved første gong offentleg ettersyn, påpeika vi også at det ikkje er tilstrekkeleg å vise til gjeldande overordna føresegner og retningslinjer for støy, og utsetje støyproblematikken til byggesak. Dersom støyrapporten viser at støyfølsam bebyggelse ligg innanfor gul støyzone, skal føresegn og plankart vise nødvendige tiltak for å få støysituasjonen innanfor regelverket. Fram til føresegn og plankart er endra i tråd med dette kravet, har vi motsegn til planframlegget.

Konklusjon

Både NVE og Fylkesmannen har motsegn til planen, der motsegnene er knytt til manglande utgreiingar av konsekvensane for samfunnstryggleik og støy. Vi ber om at plan og føresegner blir retta opp i høve dette, og at dette blir sendt oss så raskt som råd slik at vi kan vurdere å trekke motsegnene.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Jon Ivar Eikeland
fagsjef-plansamordning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar

Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf 71258489

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde

NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde